



Nedre Feet bør framleis vera den offisielle postadressen, meiner oppsittarane. Namnet er ein del av Uskedalen si historie og identitet. Dette er eit flyfoto av området, truleg teke for rundt 50 år sidan

**Etter det nye opplegget har området Nedre Feet i Uskedalen fått Døsslandssido som adresse. Dette reagerer oppsittarane sterkt på og i eit brev til forvaltningskomiteen ber dei om å få behalda detn tidlegare adressen, som er Nedre Feet.**

**Rita Ramondou på Kapteinsgården har skreve på vegne av alle og heldt fram at Nedre Feet er ein del av Uskedalen si kulturhistorie og identitet.**

Ho kjem også inn på at adressen til oppsittarane i området alt for nokre år sidan skulle endrast til Uskedalsvegen.

Då peika ho på at den store, freda eigedommen frå 1700-talet som ho eig ikkje har inngong til den nye hovudvegen som er døypt Uskedalsvegen. Inngongen er til den gamle hovudvegen som ligg parallelt og utan samband til Uskedalsvegen,

Oppsittarane på Nedre Feet betraktar den gamle vegen som tunveg. På tunet står det eit postkassestativ med postkassar for dei fleste husstandane på Nedre Feet.

Rita Ramondou peikar på at den offisielle adressa Nedre Feet er eit eldgamalt gardsnamn som dei som bur eller har eigedom der ønskjer å bevara. På Nedre Feet er dei einige om at nummerering av husa er nødvendig av tryggleiksgrunnar for sjuketransport, branbil og liknande i tillegg til postkassestativ med samla postkassar og enkelte postkassar, men dei ønskjer å behalda Nedre Feet som offisiell adresse.

Kapteinsgården har ellers fått tildelt nummer 6 og dei nærmaste naboane skal vera 16 og 18. Men 8 viser seg å vera eit hus (hytte) langt oppe i den bratte bakken. Difor spør ein kvar eventuelt 2 og 4 er å finna, skriv Rita Ramondou.

Av Ola Matti Mathisen



Oppsittarane på Nedre Feet har felles postkassestativ. (Foto: Ola Matti Mathisen)